

Til landets kommunar

Rundskriv IS-3/2023

Kriteriedata for inntektssystemet 2024

Registrering av tal på personar med psykisk utviklingshemming i kommunane

Dette rundskrivet erstattar rundskriv IS-3/2022.

Tal på registrerte personar med psykisk utviklingshemming pr. 1.1.2023 er med på å danne grunnlag for utrekning av rammetildelinga i inntektssystemet for 2024. Som grunnlag for kriteriedata for inntektssystemet 2024, skal kommunane sende inn tal pr. 1.1.2023.

Det vi ber kommunane om å registrere og sende oss, er tal på personar som:

1. a) har diagnostisert psykisk utviklingshemming, *eller*
b) har ein diagnostisert sjeldan tilstand/kromosomliding som medfører psykisk utviklingshemming, eller
c) har skriftleg stadfesting frå lege eller psykolog på at tilstanden til vedkommande oppfyller diagnosekriteriene for psykisk utviklingshemming, slik desse går fram av diagnosekode F70-F79 i ICD-10 eller diagnosekode P85 i ICP-2. Det er ein føresetnad for slik stadfesting at det ikkje ligg føre tvil om at personen oppfyller kriteria.
2. er fylt 16 år pr. 1.1.2023
3. pr. 1.1.2023 har vedtak om tenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første ledd nr. 6, medrekna BPA etter § 3-8, eller får omsorg av ein person som har vedtak om omsorgsstønad og/eller avlastning etter helse- og omsorgstenestelova § 3-6 nr. 2 og 3

Unntak

Kommunen skal ikkje registrere personar som:

- a. bur i ein av Landsbystiftelsen sine bukollektiv eller landsbyar
- b. personar som det vert gitt vertskommunetilskot for; sjå oversikt over kommunar som får vertskommunetilskot i vedlegg nr. 1

Nærare om registreringa

Der det er mistanke om at ein person har psykisk utviklingshemming, bør personen greiast ut av spesialisthelsetenesta. Dette gjeld spesielt personar med lett grad av utviklingshemming, ettersom rett diagnose kan ha store konsekvensar for personen. Dette er ikkje eit krav, men ei tilråding frå Helsedirektoratet.

For å hjelpe med registreringa i kommunen, har Helsedirektoratet arbeidd ut ein oversikt over diagnosar som kan innebere utviklingshemming (sjå vedlegg nr. 4). Diagnoselista er berre rettleiande og inneber ikkje at det er endring i krav for rapportering.

Kommunen der personen bur og får tenester (heimkommunen), og som pr. 1.1.2023 har det økonomiske ansvaret for tenestene til personen, skal registrere personen. Også der heimkommunen

kjøper tenester til vedkommande i ein annan kommune eller frå private aktørar, skal heimkommunen registrere personen. Sjå også skriv om grensejusteringar (sjå vedlegg nr. 3).

Dersom ein person oppheld seg og får tenester i to ulike kommunar, og begge kommunane pr. 1.1.2023 har fatta vedtak om tenester til personen, skal det føreligge ein avtale mellom kommunane om kva for ein kommune som registrerer personen.

Registreringa skjer i Altinn-skjemaet «Registrering av antall personer med psykisk utviklingshemming». Kommunen (den personen som har fullmakt) fyller ut skjemaet, signerer og sender det inn til Helsedirektoratet gjennom Altinn.

Kontroll av registrering

Kommunen har sjølv ansvaret for at registreringa er korrekt. Kommunens revisor skal kontrollere at registreringa er gjort slik det står i rundskrivet, inkludert dokumentasjon for diagnoseregistreringa for nye registrerte personar. Kontrolloppdraget skal utførast i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Revisor og rådmann signerer på skjemaet vedlegg nr. 2 til rundskrivet. Skjemaet skal oppbevarast i kommunen for evt. seinare kontroll.

I tillegg skal revisoren signera elektronisk, knytet til kommunens innrapporterte tall. Det elektroniske skjemaet ved Altinn krev signatur frå både kommunen og revisoren.

Tidsfrist

Frist for registrering og innsending i Altinn er 2. mai 2023.

Spørsmål

Spørsmål til rundskrivet sendes postmottak@helsedir.no. Merk e-posten med saksnummer 15/1524.

KOPI:

Den norske Revisorforening, post@revisorforeningen.no

Norges Kommunerevisorforbund, post@nkrf.no

Helse- og omsorgsdepartementet, postmottak@hod.dep.no

Kommunal- og distriktsdepartementet, postmottak@kdd.dep.no

Landets Statsforvaltare, etter liste